

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret

Møtestad: kommunehuset

Møtedato: 14.12.2006

Tid: 09.00- 16.45

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 21 medlemmer møtte 20 , inkl. 2 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Audhild Olsnes

Sigmund Dyrhovden

Arne Jørgensen

I staden møtte:

Hjørdis Tysse

Helga Nygård

Andre som var tilstade på møtet: Adm.sjef Ramsli, ass.adm.sjef Våge, kommunekasserar Eikestad og sekr. Erdal

Merknader: Møtet vart mellombels heva kl. 13.10-15.00. Kommunestyret deltok i julelunsj på Bjørkheim.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 18. desember 2006

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent. Olaug Øystese stilte spørsmål om å flytte sakene 31/06-34/06 før sak 29/06. Kommunestyret slutta seg til dette.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent

VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:

Geir Markhus, Marit Aase og Øyvind Røen.

UTVALET SITT KVARTER:

Sture Tveit stilte spørsmål om utskrift av møtebok frå kontrollutvalet. Kommunestyret fekk denne i første del av perioden, men har ikkje fått den i seinare tid. Ordførar og adm.sjefen orienterte om at det er ei forgløyming at kommunestyret ikkje har fått denne. Dette vil verta retta opp.

Jon Magne Bogevik viste til brev frå ordførar om møteplikt i politiske utval og stilte spørsmål om kor viktig dette er. Han var inne på at motivasjonsmessig kan det og gjerast meir. Han tok og opp spørsmål om Samnanger kommune skal kjøpa aksjer i Tysnes bruselskap slik som nabokommunar har gjort. Ordførar ønskte at kommunestyret drøfter aksjekjøp i samband med informasjon om eit vegmøte med nabokommunane om RV 48 m.m.

Vidar Rolland har sendt inn grunnleggjande spørsmål til ordføraren. Han viste til ny hundelov av 2003 og stilte spørsmål om kommunen har følgd opp dette i Politivedtektene sine. Ordførar orienterte om at kommunen sine politivedtekter var vedtekne i 2001, og at desse vil verta sett nærare på i høve til ny hundelov.

Elin Liøen stilte spørsmål om fartsgrensar og skilting på Lønnebakken. Ordføraren orienterte om at vegen til byggjefeltet har skilt og fartsgrense 30. Brigt Olav Gåsdal supplerte med reglar for skilting. Det vil vera aktuelt med meir omfattande skilting i feltet.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Oversikt over skriv og meldingar vert sendt ut saman med møteboka.

Administrasjonssjefen gav ein kort rapport om forventa rekneskapsresultat.

VEDLEGG

SKRIV OG MELDINGAR 14.12.06:

Samnanger kommune ved eining for kultur har fått kr. 20.000,- frå Lerøy Fossen A/S(ny eigar av Sagen Settefisk) til barne – og ungdomsarbeid.

Kommunen mottok ein del skriv frå dept og KS om å ha fokus på kvinnerepresentasjon ved oppsett av lister til kommunevalet til hausten. Partia kan henvenda seg til Lois Steinsland for nærare informasjon.

Det er no sendt brev til helseministeren med forespurnad om møte angående ambulansesaka.

Det vert arbeidd vidare med å få realisert prosjektet ”Kompetansesenter for småkraftverk i Samnanger”. I løpet av våren 2007 vil ein sjå konkret på ulike selskapsformer og modellar for stiftingar, økonomi, satsingsområde m.m. Prosjektet har fått styrka økonomi via nytt tilskot frå fylkeskommunale næringsfondsmidlar for Bjørnefjordskommunane. Dette gjer at me kan lysa ut eit avgrensa engasjement til prosjektleiing.

Mandag 11.12.06 møttest kommunane Fusa, Kvinnherad og Samnanger med sine respektive vegutval regionvegsjef Torpp. Hovudtema var vidare framdrift og forskottering for utbetningsprosjekt på Rv 48: Moshovdatunnellen, tunnel bak ytre Tysse og Årsnes ferjekai. Møtet fann stad i Eikelandsosen. Det vart avtala at ordføraren i Samnanger lagar utkast til felles uttale som vert sendt fylkespolitikarane i januar i samband med rullering av NTP.

Breibandutbyggingsprogrammet er forseinka med ca ein månad.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0025/06	06/00484 KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR 2007
0026/06	06/00485 REGULERING AV HUSLEIGA I KOMMUNALE BYGG
0027/06	06/00486 GEBYRVEDTAK FOR RENOVASJON 2007
0028/06	06/00482 FASTSETJING AV GODTGJERSLA TIL ORDFØRAR 2007.
0029/06	06/00228 BUDSJETT 2007.
0030/06	06/00495 ØKONOMIPLAN 2007 - 2010
0031/06	06/00522 KOMMUNALE VASSVERKSPROSJEKT - ENDRING AV FINANSIERING.
0032/06	06/00524 FELLES IKT SATSING I BERGENSREGIONEN. ETABLERING AV STRATEGI OG BESTILLERRÅD (SBR)
0033/06	06/00379 REGULERINGSPLAN FOR NAUSTTOMTER FOR BYGGJEFELT ROLVSVÅG
0034/06	05/00241 DELEGASJON AV MYNDE TIL BRANNSJEF.

0025/06

KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR 2007

Framlegg til vedtak::

Kommunale avgifter og gebyr for 2007 vert vedteken slik dei ligg føre i rev. gebyrhefte med følgjande endringar:

- Kyrkja : Satsane for graving/attkasting og festeavgift vert auka med 3,5% for å vera på line med kommunale avgifter elles, og for å nytta inntekspotensialet.
- Feiing: Fresing av pipe vert auka til kr. 1000,- pr. pipe for å koma meir i samsvar med kostnaden for tenesta.
- Tilknytingsavgift næringslokale/forsamlingshus. Ny gruppe vert innført: Inntil 100m2 bruksareal – vatn kr. 10.870 , avlaup kr. 10.870.
- Billettpris basseng; kr. 30 vaksne, kr. 20 barn.

Handsaming i møte:

Brit Olav Gåsdal sette fram følgjande tilleggsframlegg:” Før neste budsjetthandsaming må administrasjonen dokumentera betre enn no tidsbruk og kostnad for tenester som skal belastast av brukar direkte. Dette for at kostnaden skal vera mest mogleg i samsvar med gebyret.”

Øyvind Røen Sp og **Brigt Olav Gåsdal Ap** sette fram følgjande endringsframlegg til andre avsnitt i framlegg til vedtak” Ordlyden i avsnittet om kyrkja i vedtaket vert endra til: ”og for å nytte inntekspotensialet” –går ut. Satsane for graving/attkasting av graver gjeld for personar busett i andre kommunar.”

Det vart først røysta over endringsframlegget til Røen/Gåsdal, som vart samrøystes vedteke. Det vart deretter røysta over framlegg til vedtak med vedteken endring. Dette vart samrøystes vedteke.

Til slutt vart det røysta over tilleggsframlegget til Gåsdal, som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunale avgifter og gebyr for 2007 vert vedteken slik dei ligg føre i rev. gebyrhefte med følgjande endringar:

- Kyrkja : Satsane for graving/attkasting og festeavgift vert auka med 3,5% for å vera på line med kommunale avgifter elles. Satsane for graving/attkasting av graver gjeld for personar busett i andre kommunar.
- Feiing: Fresing av pipe vert auka til kr. 1000,- pr. pipe for å koma meir i samsvar med kostnaden for tenesta.
- Tilknytingsavgift næringslokale/forsamlingshus. Ny gruppe vert innført: Inntil 100m2 bruksareal – vatn kr. 10.870 , avlaup kr. 10.870.
- Billettpris basseng; kr. 30 vaksne, kr. 20 barn.
- Før neste budsjetthandsaming må administrasjonen dokumentera betre enn no tidsbruk og kostnad for tenester som skal belastast av brukar direkte. Dette for at kostnaden skal vera mest mogleg i samsvar med gebyret.

0026/06

REGULERING AV HUSLEIGA I KOMMUNALE BYGG**Framlegg til vedtak::**

Kommunale eigedomar - husleige 2007

Namn	Gnr/ Bnr	ny husleige	type bustad
Bustader			
Skottebakken 1	18/11	4368	omsorgbustad
Skottebakken 2	18/11	4158	omsorgbustad
Skottebakken 3	18/11	4158	omsorgbustad
Skottebakken 4	18/11	4140	vert.kal delt bustad
Legebustad	18/11	4658	
Hamnahaugen 1	27/170	3885	ungdomsbustad
Hamnahaugen 2	27/170	3885	ungdomsbustad
Hamnahaugen 3	27/170	4158	omsorgsbustad
Hamnahaugen 4	27/170	4200	omsorgsbustad
Hamnahaugen 5	27/171	4368	omsorgsbustad
Hamnahaugen 6	27/171	4368	omsorgsbustad
Hamnahaugen 7	27/171	4368	
Hamnahaugen 8	27/171	4368	
Skjervo 1	26/81	3195	aldersbustader
Skjervo 2	26/81	3195	aldersbustader
Skjervo 3	26/81	3195	aldersbustader
Skjervo 4	26/81	3195	aldersbustader
Skjervo 5	26/81	3195	aldersbustader
Skjervo 6	26/81	3195	aldersbustader
Solli 1	27/88	3100	utleigebustader 1 etg.
Solli 2	27/88	3100	utleigebustad 2 etg.
Bukollektiv Haga		3675	
Bukollektiv Haga		3675	

Endringa vert gjort gjeldande frå 01.07.2007.

Handsaming i møte:

Det vart presisert at Skottebakken skrivast Skottabakken.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunale eigedomar - husleige 2007

Namn	Gnr/ Bnr	ny husleige	type bustad
Bustader			
Skottabakken 1	18/11	4368	omsorgbustad

Skottabakken 2	18/11	4158	omsorgbustad
Skottabakken 3	18/11	4158	omsorgbustad
Skottabakken 4	18/11	4140	vert.kal delt bustad
Legebustad	18/11	4658	
Hamnahaugen 1	27/170	3885	ungdomsbustad
Hamnahaugen 2	27/170	3885	ungdomsbustad
Hamnahaugen 3	27/170	4158	omsorgsbustad
Hamnahaugen 4	27/170	4200	omsorgsbustad
Hamnahaugen 5	27/171	4368	omsorgsbustad
Hamnahaugen 6	27/171	4368	omsorgsbustad
Hamnahaugen 7	27/171	4368	
Hamnahaugen 8	27/171	4368	
Skjervo 1	26/81	3195	aldersbustader
Skjervo 2	26/81	3195	aldersbustader
Skjervo 3	26/81	3195	aldersbustader
Skjervo 4	26/81	3195	aldersbustader
Skjervo 5	26/81	3195	aldersbustader
Skjervo 6	26/81	3195	aldersbustader
Solli 1	27/88	3100	utleighbustader 1 etg.
Solli 2	27/88	3100	utleighbustad 2 etg.
Bukollektiv Haga		3675	
Bukollektiv Haga		3675	

Endringa vert gjort gjeldande frå 01.07.2007.

0027/06

GEBYRVEDTAK FOR RENOVASJON 2007

Framlegg til vedtak::

I medhald av lov av 13.03.1981 nr. 6 (forureiningslova) § 34 vert avfallsgebyr for Samnanger kommune for 2007 fastsett i tilknytning til kommunen sitt budsjettvedtak for 2007. Vedtaket er i samsvar med det framlegg frå BIR Privat a.s. Jmf. Forskrift for handtering av hushaldsavfall m.m. § 11.

Samnanger kommune vedteke at BIR Privat a.s. fakturerar og står for innkrevjing av avfallsgebyr på vegne av Samnanger kommune. Avfallsgebyret høyrer til Samnanger kommune.

Standardgebyret for renovasjon vert fastsett til **kr 1.670,-**. Av dette utgjer administrasjonsgebyret til BIR kr 30,-. Alle prisar er eks. mva.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

I medhald av lov av 13.03.1981 nr. 6 (forureiningslova) § 34 vert avfallsgebyr for Samnanger kommune for 2007 fastsett i tilknytning til kommunen sitt budsjettvedtak for 2007. Vedtaket er i samsvar med det framlegg frå BIR Privat a.s. Jmf. Forskrift for handtering av hushaldsavfall m.m. § 11.

Samnanger kommune vedteke at BIR Privat a.s. fakturerar og står for innkrevjing av avfallsgebyr på vegne av Samnanger kommune. Avfallsgebyret høyrer til Samnanger kommune.

Standardgebyret for renovasjon vert fastsett til **kr 1.670,-**. Av dette utgjer administrasjonsgebyret til BIR kr 30,-. Alle prisar er eks. mva.

0028/06

FASTSETJING AV GODTGJERSLA TIL ORDFØRAR 2007.

Framlegg til vedtak::

Ordførargodtgjersla for 2007 vert kr. 430.000,-.

Varaordførargodtgjersla for 2007 vert kr. 25.000,-.

Handsaming i møte:

Bright Olav Gåsdal gjorde kommunestyret kjent med at andre avsnitt i vedtaket frå PØ ikkje har kome med i framlegget til kommunestyret. Han bad om at følgjande vert med i framlegget: ”Det vert sett ned eit utval av gruppeleiarane for å vurdere dei folkevalde i Samnanger sine økonomiske vilkår på breitt grunnlag, jfr. KS-rundskriv 05/06. Utvalet sin rapport skal liggja føre 1.halvår 2007.”

Det vart røysta over framlegget med merknad frå Gåsdal, som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Ordførargodtgjersla for 2007 vert kr. 430.000,-.

Varaordførargodtgjersla for 2007 vert kr. 25.000,-.

Det vert sett ned eit utval av gruppeleiarane for å vurdere dei folkevalde i Samnanger sine økonomiske vilkår på breitt grunnlag, jfr. KS-rundskriv 05/06. Utvalet sin rapport skal liggja føre 1.halvår 2007.

0029/06

BUDSJETT 2007.

Framlegg til vedtak::

Administrasjonssjefen sitt framlegg til budsjettet for 2007 dagsett 31.10.2006 vert vedteke med følgjande endringar:

konto nr.	utgift opp	inntekt opp	inntekt ned	Merknad
1.1200.1800.4903	50000			1) auka arb.gjv.avg. over 62 år
1.1400.3251.9505		110000		2) Næringiltak finansiert KNF
1.1601.3330.9505		100000		3)Adresseskilt finansiert KNF
1.2030.2023.7000			65000	4)Fr.språktilskot inngår i rammetilskotet
1.9000.8400.8000		563000		Auka rammetilskot

1.9001.8700.5000	300000		Auka renteutgifter
1.1200.1800.4900	267000		Avsett til tilleggsøyvingar
1.1000.1000.0800	10.000		5) Ordførargodtgjersle
1.1000.1000.0801	5.000		6) Varaordførar godtgjersla
1.1000.1000.0990	2.000		Auka sos. Utg.
1.1000.1000.0900	1.000		Auka sos. Utg.
1.1300.3900.4702	23.000		7) Styrke kyrkjebudsjettet
1.1500.2310.4701	50.000		8) Styrke tilskot kulturbudsjettet
0.1602.2227.6700		?	9) Sal av Frøland skule

Kommentarar til endringane;

1. Kompensasjon for bortfall av redusert arbeidsgjevaravgift for personar over 62 år.
2. Nærings tiltak finansiert med næringsfondet.
3. Adresseskilt – finansiert med næringsfondet i samsvar med tidlegare økonomiplan.
4. Framandspråktilskot i grunnskulen - Tilskot til elevar som har rett til norsk for framandspråklege i grunnskulen går frå 2007 inn i rammetilskotet. Ved ein feil vart tilskotet ikkje trekt ut av adm.sjefen si tilråding.
5. Ordførargodtgjersla – ordførargodtgjersla vert auka opp til kr. 430.000, som fører til ein budsjettauke på kr. 10.000 + avgiftene.
6. Varaordførargodtgjersle – vert auka opp med kr. 5.000 til kr. 25.000 pr. år.
7. Kyrkja får auka overføring med kr. 23.000,- til å dekkja auka lønskostnader og møtegodtgjersla. Kr. 10.000 er differansen mellom det som er lagt inn i adm.sjefen sitt budsjettframlegg og reell lønsvekst. Kr. 13.000 er meint til møtegodtgjersla. PØ vil foreslå eit utval av gruppeleiarane i k-styret til å gå gjennom dei økonomiske vilkåra til dei folkevalde. I den saka vil og soknerådet sine vilkår verta vurderte.
8. Kulturbudsjettet - tilskot til lag og foreiningar vert auka med kr. 50.000.
9. Frøland skule- sal av skulen vert realisert i 2007 og inntektsførast i kapitalbudsjettet.

Satsen for eigedomsskatt for verk og bruk i Samnanger kommune er sett til 7‰ i 2007.

Handsaming i møte:

Administrasjonssjefen orienterte om status for forbruk og budsjettkontroll for 2006. Totalt sett kan det sjå ut til at einingane vil få små avvik frå budsjettet, med unntak av teknisk eining som kan få eit overforbruk på om lag kr. 500.000, og at lønspostane på legekantoret er vel 100.000 kroner for lite. Staten har med utgangspunkt i god skatteinnngang auka opp rammestilskotet til Samnanger kommune for 2006 med 1 million. Dersom skatteinnngangen på landsbasis vert ytterlegare forbetra, kan denne summen verta større. Denne informasjonen kjem først i februar. Under desse føresetnadane vil truleg kommunerekneskapen ha eit overskot på 2,5 mill. kroner. Kommunestyret har alt disponert 2 mill. til disposisjonsfondet. Kommunestyret vart orientert om prosessen og mekanismane som påvirker skatteinnngangen.

Administrasjonssjefen orienterte om framlegget sitt og kommunekasserar orienterte om renter og avdrag fram til 2012 og kva som kan påvirke dette.

På vegne av Høgre, Krf, Bygdalista og Senterpartiet sette Helge Reistad (Bgl fram følgjande framlegg:

- Heis kommunehuset. Kommunestyret løyver kr. 600.000 til heis i kommunehuset i budsjettet for 2007. Pengane vert å ta frå kapitalfondet (sal av tomter i Rolvsvåg/sal av Frøland skule).
- Planlegging av nytt reiskapshus og pauserom ved kyrkja på Ådland. Kommunestyret løyver kr. 30.000 til dette arbeidet i budsjettet for 2007. Pengane vert å ta frå disposisjonsfondet.”

På vegne av Høgre, Krf og Bygdalista sette Sture Tveit (H) fram følgjande framlegg:” Knt. 1.1603.3600.4701-Rydding av turvegar kr. 75.000,- . Knt. 1.9000.8000.8700 – auka skatteanslaget med kr. 75.000.

Nils Gåsdal (Ap) sette fram følgjande framlegg:”

(15 personar, 10 pasientar + 5 hjelpepersonell – hausten 2007)

Det vert sett av inntil kr. 95.000 til tur til Solgården/evt. andre alternativ for funksjonshemma/m hjelpearar/supplert med medreisande pensjonistar heimebuande eller frå Samnangerheimen. Ein ser og føre seg ei større gruppe i samarbeid med andre kommunar. Kostnaden vert teken av disposisjonsfondet.”

Jon Magne Bøgevik (Frp) sette fram følgjande framlegg:”

- Lærebøker; Gjerde knt. 1.2010.2021.1052 auka med 20.000 til 85.000
Nordbygda knt. 2020.2022.1052 auka med 20.000 til 70.000
Samnanger usk. knt. 2030.2023.1052 auka med 70.000 til 140.000
Summen vert dekkja over disposisjonsfondet.
- Post 1.1602.2227 Frøland skule skal seljast. Inntekta tilførast kapitalbudsjettet.”

Arbeidarpartiet bad om gruppemøte. Møtet vart mellombels heva for gruppemøte fram til kl. 13.10. Kommunestyret tok deretter ein pause for å delta i julelunsj frå kl. 13.10-15.00.

Kl.15.00 vart møtet sett og debatten fortsette.

Liv Berit Khadoor (Ap) sette fram følgjande framlegg:”

- Kyrkja får utvida driftsrama med kr. 43.000 i tillegg til verknaden av lønsoppgeret (auka straum kr. 22.000, prisauke kontingentar m. Kr. 16.000, korrigeringsvikar Ådland m kr. 5.000) Pengane skal takast frå disposisjonsfondet.
- Kyrkja får ei tilleggslyøyving på kr. 40.000 til : (Brannsikkert skap kr. 15.000, utskifting datamaskiner kr. 15.000, Telefonsentral kr. 10.000). Pengane vert å ta frå disposisjonsfondet.
- Samnanger kommune 100 år i 2007. Budsjettet for jubileumsfeiringa vert auka med kr. 40.000. Pengane vert å ta frå disposisjonsfondet.

Marit Aase (Krf) sette fram følgjande framlegg: ” Kommunestyret vil drøfta spørsmål om endring i bemanninga i teknisk eining og i sentraladministrasjonen når det er føreteke forvaltningskontroll for desse to områda.”

Brigt Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande framlegg:” Kommunestyret vil ha lagt føre seg ei sak som greier ut korleis vaktmeisterenesta til kommunen og kan dekkja kyrkjene.”

Ap ba om gruppemøte.

Etter gruppemøte trekte *Liv Berit Khadoor* attende framlegget sitt om løyving til kyrkja.

Ap sette så fram fylgjande framlegg: Ramma til kyrkja vert auka med kr 50.000. Utgiftene vert dekkja ved bruk av disposisjonsfondet

Røysting:

Kommunestyret vedtok samrøystes fylgjande framlegg:

Driftsbudsjettet

- Kr 30.000 til planlegging av reiskaphus kyrkja. Finansiert ved bruk av disposisjonsfondet
- Kr 75.000 til rydding av turvegar. Finansiert ved auka skatteinngang.
- Kr 95.000 til sydenreiser for funksjonshemma. Finansiert ved bruk av disposisjonsfond
- Kr 40.000 ekstra til 100-årsjubileum. Finansiert ved bruk av disposisjonsfond.

Framlegg om ekstra løyving på kr 50.000 til kyrka vart vedteke mot 1 røyst.

Framlegget om ekstra løyving til skulebøker vart ikkje vedteke. 4 røysta for framlegget og 16 røysta mot.

Kapitalbudsjettet

Kommunestyret vedtok samrøystes at Frøland skule skal seljast og inntekta tilførast kapitalbudsjettet.

Kommunestyret vedtok mot 2 røyster å løyva midlar av kapitalfondet (kr 600.000) til heis i kommunehuset.

Kommunestyret røysta til slutt over heile budsjettframlegget med dei framlegga som hadde fått fleirtal. Det vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Administrasjonssjefen sitt framlegg til budsjettet for 2007 dagsett 31.10.2006 vert vedteke med fylgjande endringar:

konto nr.	utgift opp	inntekt opp	inntekt ned	Merknad
1.1200.1800.4903	50000			1) auka arb.gjv.avg. over 62 år
1.1400.3251.9505		110000		2) Næringiltak finansiert KNF
1.1601.3330.9505		100000		3)Adresseskilt finansiert KNF
1.2030.2023.7000			65000	4)Fr.språktilskot inngår i rammetilskotet
1.9000.8400.8000		563000		Auka rammetilskot
1.9001.8700.5000	300000			Auka renteutgifter
1.1200.1800.4900	267000			Avsett til tilleggsloyvingar
1.1000.1000.0800	10.000			5) Ordførargodtgjersle
1.1000.1000.0801	5.000			6)Varaordførar godtgjersla
1.1000.1000.0990	2.000			Auka sos. Utg.
1.1000.1000.0900	1.000			Auka sos. Utg.
1.1300.3900.4702	23.000			7) Styrke kyrkjebudsjettet

1.1500.2310.4701	50.000		8)Styrke tilskot kulturbudsjettet
0.1602.2227.6700		?	9) Sal av Frøland skule

Kommentarar til endringane:

- 1 Kompensasjon for bortfall av redusert arbeidsgjevaravgift for personar over 62 år.
- 2 Nærings tiltak finansiert med næringsfondet.
- 3 Adresseskilt – finansiert med næringsfondet i samsvar med tidlegare økonomiplan.
- 4 Framandspråktilskot i grunnskulen - Tilskot til elevar som har rett til norsk for framandspråklege i grunnskulen går frå 2007 inn i rammetilskotet. Ved ein feil vart tilskotet ikkje trekt ut av adm.sjefen si tilråding.
- 5 Ordførargodtgjersla – ordførargodtgjersla vert auka opp til kr. 430.000, som fører til ein budsjettauke på kr. 10.000 + avgiftene.
- 6 Varaordførargodtgjersle – vert auka opp med kr. 5.000 til kr. 25.000 pr. år.
- 7 Kyrkja får auka overføring med kr. 23.000,- til å dekkja auka lønskostnader og møtegodtgjersla. Kr. 10.000 er differansen mellom det som er lagt inn i adm.sjefen sitt budsjettframlegg og reell lønsvekst. Kr. 13.000 er meint til møtegodtgjersla. PØ vil foreslå eit utval av gruppeleiarane i k-styret til å gå gjennom dei økonomiske vilkåra til dei folkevalde. I den saka vil og soknerådet sine vilkår verta vurderte.
- 8 Kulturbudsjettet - tilskot til lag og foreiningar vert auka med kr. 50.000.
- 9 Frøland skule- sal av skulen vert realisert i 2007 og inntektsførast i kapitalbudsjettet.

Satsen for eigedomsskatt for verk og bruk i Samnanger kommune er sett til 7‰ i 2007.

Driftsbudsjettet

- Planlegging av nytt reiskapshus og pauserom ved kyrkja på Ådland. Kommunestyret løyver kr. 30.000 til dette arbeidet i budsjettet for 2007. Pengane vert å ta frå disposisjonsfondet.
- Ramma til kyrkja vert auka med kr 50.000. Utgiftene vert dekkja ved bruk av disposisjonsfondet.
- Samnanger kommune 100 år i 2007. Budsjettet for jubileumsfeiringa vert auka med kr. 40.000. Pengane vert å ta frå disposisjonsfondet.
- (15 personar, 10 pasientar + 5 hjelpepersonell – hausten 2007)
Det vert sett av inntil kr. 95.000 til tur til Solgården/evt. andre alternativ for funksjonshemma/m hjelpearar/supplert med medreisande pensjonistar heimebuande eller frå Samnangarheimen. Ein ser og føre seg ei større gruppe i samarbeid med andre kommunar. Kostnaden vert teken av disposisjonsfondet.”
- Knt. 1.1603.3600.4701-Rydding av turvegane kr. 75.000,- . Knt. 1.9000.8000.8700 – auka skatteanslaget med kr. 75.000.

Kapitalbudsjettet

- Heis kommunehuset. Kommunestyret løyver kr. 600.000 til heis i kommunehuset i budsjettet for 2007. Pengane vert å ta frå kapitalfondet (sal av tomter i Rolvsvåg/sal av Frøland skule).
- Post 1.1602.2227 Frøland skule skal seljast. Inntekta tilførast kapitalbudsjettet.

Kommunestyret vil drøfta spørsmål om endring i bemanninga i teknisk eining og i sentraladministrasjonen når det er føreteke forvaltningskontroll for desse to områda. Kommunestyret vil ha lagt føre seg ei sak som greier ut korleis vaktmeistertenesta til kommunen og kan dekkja kyrkjene.”

0030/06

ØKONOMIPLAN 2007 - 2010**Framlegg til vedtak::****Økonomiplan for Samnanger kommune for 2007 – 2010 vert som fylgjer****INVESTERINGAR**

Tiltak	2007	2008	2009	2010	Merknader
Vassforsyning					
Ytre Tysse- høgdebasseng med leidningar	1500000				
Indre Tysse - Ytre Tysse		700000			
Leidning Steinsland			650000		
Ådland - til kyrkja				500000	
Trykkforsterkning div. stadar				200000	
Rolvsvåg vassverk	2700000				
Kloakk					
Indre Tysse					Svært stor kostnad
Kommunale bygningar					
Kommunehuset	850000	750000	750000	750000	
Prestebustad					må vurderer opprusting/nybygg
Heis kommunehuset					
Heis Samnanger ungdomsskule					
Nordbygda barnehage - opprusting utemiljø					
Barnehage Gjerde -restsum	500000				
Etablering av "sansehage" Samnangreheimen	170000				
Ombygging av Samnangerheimenen					Plan for eldreomsorg i 2007
Vegar					
Utbetring av vegar inkl. fast dekke	200000	500000		500000	
Veg til Totræna - overtaking og istandsetjing					Må avklarast i plan perioden
Marknadsføring av kommunen					
Skiltplan for informasjon	100000				

Industriområdet Rolvsvåg					
Planlegging	200000				
Tilrettelegging VVA					

Bustadområde - planlegging					
Vidare utbygging Lønnebakken	250000				
Reguleringsplan bustad Reistad	200000				
Grunnkjøp og tilrettelegging					
Ytre Tysse, miljøgata m.m.					
Nærmiljøtiltak- minnepark, miljøgatetiltak, kai	1500000	2000000	1000000		kan pårekne tilskot
Strandsoneplan	150000				
Eikedalen					
Kommunal medverknad VA					Avventar vidare utgreiing
Bu og dagsenter for funksjonshemma					
Planlegging	150000				
Dagsenter					Kostnad vert utgreidd i planen
Bustader - kommunal kostnad					låneopptak inndecking husleige
Kyrkja					
Reiskapshus		430000			
Brannsikring					avh. av ny vassforsyning 250.000
Bustader for vanskelegstilte					
Bustadpolitisk plan	100000				
Psykiatribustader					låneopptak inndecking husleige
Bustader for bustadlause					låneopptak inndecking husleige

HOVEDOVERSIKT DRIFTSBUDSJETT

TEKST	KOSTRAART	rev. 2006	2007	2008	2009	2010
Driftsinntekter						
Brukerbetaling	600-619	4 430	4 964	4 964	4 964	4 964
Andre salgs- og leigeinntekter	620-679	7 285	7 191	7 191	7 191	7 191
Overføring med krav til motytingar	700-779	12 640	10 705	10 117	10 117	10 117
Rammetilskot frå staten	800	30 975	33 412	33 812	33 812	33 812
Andre statlege tilskot	810-819	2 790	3 026	3 026	3 026	3 026
Andre overføringer	830-859/880-899	6 159	6 250	6 250	6 250	6 250
Inntekts og formueskatt	870-873	45 483	47 528	47 528	47 528	47 528
Eigedomsskatt	874-876	4 822	6 790	6 790	6 790	6 790
Andre direkte og indirekte skatter	877-879	823	823	823	823	823
Sum driftsinntekter		115 407	120 689	120 501	120 501	120 501
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	010-089+(160-169)	62 959	66 726	66 726	66 726	66 726
Sosial utgifter	090-099	17 074	18 154	18 154	18 154	18 154
Kjøp av varer og tj. Inngår i prod.	100-289-(160-169)	14 333	14 960	14 960	14 960	14 960
Kjøp -v. og tj. som ertatter eigenprod.	300-399	6 638	5 105	4 700	5 105	4 712
Overføringer	400-490	8 737	9 264	9 001	9 001	9 001

Avskrivningar		590	4 526	4 469	4 469	4 469	4 469
Fordelte utgifter	690-699 med fl.						
Sum driftsutgifter			114 267	118 678	118 010	118 415	118 022
Driftsresultat			1 140	2 011	2 491	2 086	2 479
Finansinntekter							
Renteinntekt og utbytte	900-909		815	910	910	910	910
Mottekne avdrag på lån	920-929		50	30	30	30	30
Sum eksterne finansinntekter			865	940	940	940	940
Finansutgifter							
Renteutgifter og låneomkostn.	500-509		1 947	2 833	2 985	2 841	2 673
Avdrag på lån	510-519		4 325	4 214	4 450	4 089	4 750
Sosial- og næringslån	520-529		50	30	30	30	30
Sum eksterne finansutgifter			6 322	7 077	7 465	6 960	7 453
Resultat eksterne finanstransaks.			5 457	6 137	6 525	6 020	6 513
Motpost for avskrivningar		990	-4 539	-4 469	-4 469	-4 469	-4 469
Res. Før int. transaksj.(netto dr.res)			-222	-343	-435	-535	-435
Interne finans transaksjoner							
Bruk av udisponert frå tidl. År		930	0	1086	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	940-947		249	0	500	500	500
Bruk av bundne fond	950-959		1073	9	109	109	109
Bruk av likviditetsreserve		960	0	0	0	0	0
Sum bruk avsetningar			1322	1095	609	609	609
Overført til kapitalrekneskapen		570	100	100	0	100	0
Avsatt til dekking frå tidl. År (underskot)		530	0	0	0	0	0
Avsett til disposisjonsfond	540-547		0				
Avsett til bundne fond	550-559		1444	1338	1044	1044	1044
Avsett til likviditetsreserven		560	0	0	0	0	0
Sum avsettingar			1544	1438	1044	1144	1044
Udisponert (overskot)		580	0	0	0	0	0
til dekking seinare år (underskot)		980	0	0	0	0	0
Resultat etter interne finanstransaksjonar			0	0	0	0	0

Handsaming i møte:

Helge Reistad sette fram slikt framlegg:

Investeringar vassforsyning Ådland vert flytta frå 2010 til 2008.

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

Frp. V. Jon Magne Bøgevik sette fram slikt framlegg:

Veg til Hagabotnane prosjektering vert ført opp med kr 200.000 i 2008.

2 røysta for framlegget og 18 i mot.

Ordføraren sette fram slikt framlegg:

Forskottering tunnel bak Ytre Tysse.

I slutten av økonomiplanperioden må det verta prioritert midlar av næringsfondet til dekking av utgifter til forskottering av tunnel bak Ytre Tysse.

9 røysta for framlegget og 11 i mot.

Det vart til slutt røysta over framlegg til vedtak med tillegg av framlegget frå Helge Reistad .
Økonomiplanen vart vedteken mot 2 røyster.

Vedtak:

[&&& Fyll inn vedtaket i saken under denne linjen ↓](#)

Økonomiplan for Samnanger kommune for 2007 – 2010 vert som følger

INVESTERINGAR

Tiltak	2007	2008	2009	2010	Merknader
Vassforsyning					
Ytre Tysse- høgdebasseng med leidningar	1500000				
Indre Tysse - Ytre Tysse		700000			
Leidning Steinsland			650000		
Ådland - til kyrkja		500000			
Trykkforsterkning div. stadar				200000	
Rolvsvåg vassverk	2700000				
Kloakk					
Indre Tysse					Svært stor kostnad
Kommunale bygningar					
Kommunehuset	850000	750000	750000	750000	
Prestebustad					må vurderer opprusting/nybygg
Heis kommunehuset					
Heis Samnanger ungdomsskule					
Nordbygda barnehage - opprusting utemiljø					
Barnehage Gjerde -restsum	500000				
Etablering av "sansehage" Samnangreheimen	170000				
Ombygging av Samnangerheimenen					Plan for eldreomsorg i 2007
Vegar					
Utbetring av vegar inkl. fast dekke	200000	500000		500000	
Veg til Totræna - overtaking og istandsetjing					Må avklarast i plan perioden
Marknadsføring av kommunen					
Skiltplan for informasjon	100000				

Industriområdet Rolvsvåg					
Planlegging	200000				
Tilrettelegging VVA					

Bustadområde - planlegging					
Vidare utbygging Lønnebakken	250000				
Reguleringsplan bustad Reistad	200000				
Grunnkjøp og tilrettelegging					
Ytre Tysse, miljøgata m.m.					
Nærmiljøtiltak- minnepark, miljøgatetiltak, kai	1500000	2000000	1000000		kan pårekne tilskot
Strandsoneplan	150000				
Eikedalen					
Kommunal medverknad VA					Avventar vidare utgreiing
Bu og dagsenter for funksjonshemma					
Planlegging	150000				
Dagsenter					Kostnad vert utgreidd i planen
Bustader - kommunal kostnad					låneopptak inndecking husleige
Kyrkja					
Reiskapshus		430000			
Brannsikring					avh. av ny vassforsyning 250.000
Bustader for vanskelegstilte					
Bustadpolitisk plan	100000				
Psykiatribustader					låneopptak inndecking husleige
Bustader for bustadlause					låneopptak inndecking husleige

HOVEDOVERSIKT DRIFTSBUDSJETT

TEKST	KOSTRAART	rev. 2006	2007	2008	2009	2010
Driftsinntekter						
Brukerbetaling	600-619	4 430	4 964	4 964	4 964	4 964
Andre salgs- og leigeinntekter	620-679	7 285	7 191	7 191	7 191	7 191
Overføring med krav til motytingar	700-779	12 640	10 705	10 117	10 117	10 117
Rammetilskot frå staten		800	30 975	33 412	33 812	33 812
Andre statlege tilskot	810-819	2 790	3 026	3 026	3 026	3 026
Andre overføringar	830-859/880-899	6 159	6 250	6 250	6 250	6 250
Inntekts og formueskatt	870-873	45 483	47 528	47 528	47 528	47 528
Eigedomsskatt	874-876	4 822	6 790	6 790	6 790	6 790
Andre direkte og indirekte skatter	877-879	823	823	823	823	823
Sum driftsinntekter		115 407	120 689	120 501	120 501	120 501
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	010-089+(160-169)	62 959	66 726	66 726	66 726	66 726
Sosial utgifter	090-099	17 074	18 154	18 154	18 154	18 154
Kjøp av varer og tj. Inngår i prod.	100-289-(160-169)	14 333	14 960	14 960	14 960	14 960
Kjøp -v. og tj. som ertatter eigenprod.	300-399	6 638	5 105	4 700	5 105	4 712
Overføringar	400-490	8 737	9 264	9 001	9 001	9 001

Avskrivningar		590	4 526	4 469	4 469	4 469	4 469
Fordelte utgifter	690-699 med fl.						
Sum driftsutgifter			114 267	118 678	118 010	118 415	118 022
Driftsresultat			1 140	2 011	2 491	2 086	2 479
Finansinntekter							
Renteinntekt og utbytte	900-909		815	910	910	910	910
Mottekne avdrag på lån	920-929		50	30	30	30	30
Sum eksterne finansinntekter			865	940	940	940	940
Finansutgifter							
Renteutgifter og låneomkostn.	500-509		1 947	2 833	2 985	2 841	2 673
Avdrag på lån	510-519		4 325	4 214	4 450	4 089	4 750
Sosial- og næringslån	520-529		50	30	30	30	30
Sum eksterne finansutgifter			6 322	7 077	7 465	6 960	7 453
Resultat eksterne finanstransaks.			5 457	6 137	6 525	6 020	6 513
Motpost for avskrivningar		990	-4 539	-4 469	-4 469	-4 469	-4 469
Res. Før int. transaksj.(netto dr.res)			-222	-343	-435	-535	-435
Interne finans transaksjoner							
Bruk av udisponert frå tidl. År		930	0	1086	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	940-947		249	0	500	500	500
Bruk av bundne fond	950-959		1073	9	109	109	109
Bruk av likviditetsreserve		960	0	0	0	0	0
Sum bruk avsetningar			1322	1095	609	609	609
Overført til kapitalrekneskapen		570	100	100	0	100	0
Avsatt til dekking frå tidl. År (underskot)		530	0	0	0	0	0
Avsett til disposisjonsfond	540-547		0				
Avsett til bundne fond	550-559		1444	1338	1044	1044	1044
Avsett til likviditetsreserven		560	0	0	0	0	0
Sum avsettingar			1544	1438	1044	1144	1044
Udisponert (overskot)		580	0	0	0	0	0
til dekking seinare år (underskot)		980	0	0	0	0	0
Resultat etter interne finanstransaksjonar			0	0	0	0	0

0031/06

KOMMUNALE VASSVERKSPROSJEKT - ENDRING AV FINANSIERING.**Framlegg til vedtak::**

Endring i finansiering kommunal vassverk vert retta opp i samsvar med oppsette tabell. Lånefinansieringa er då auka med kr. 140.000,- i tillegg til den skisserte fondsbruken.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Endring i finansiering kommunal vassverk vert retta opp i samsvar med oppsette tabell. Lånefinansieringa er då auka med kr. 140.000,- i tillegg til den skisserte fondsbruken.

0032/06

**FELLES IKT SATSING I BERGENSREGIONEN.
ETABLERING AV STRATEGI OG BESTILLERRÅD (SBR)****Framlegg til vedtak::**

1. Kommunen tilrår at forprosjektet "Felles IKT satsing i Bergensregionen" vert ført vidare i eit hovudprosjekt med sikte på gjennomføring av dei tilrådingane som står i forprosjektet sin rapport om etablering av et Strategi- og bestillerråd og eit selskap (IKS) som skal stå for drift av felles IKT-tenester.
2. Kommunen godkjenner at det snarast vert etablert eit Strategi- og bestillerråd (SBR) etter Regionsrådet sine vedtekter §3c. SBR skal ha som formål å utforma og tilrå ein regional IKT-strategi for Bergensregionen, koordinera innkjøp av felles produkt og framforhandla rammeavtalar m.m. på IKT-produkt som kommunane skal ta i bruk. SBR vil være kommunanes innkjøpssentral på dette området. SBR legg fram forslag til sitt mandat med meir for Regionrådet sitt styre. SBR står for utarbeiding av mal for servicenivåavtalar (SLA) mellom det interkommunale selskapet og den enkelte kommune. Kommunen vel administrasjonssjefen som kommunen sin representant til SBR.
3. Den førebelse forretningsplanen av oktober 2006 vert lagt til grunn for hovudprosjektet sitt arbeid med etablering av eit interkommunalt IKT-selskap (IKS). Sak om deltaking i det interkommunale IKT-selskapet, vil verta lagt fram for kommunestyret våren 2007.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kommunen tilrår at forprosjektet "Felles IKT satsing i Bergensregionen" vert ført vidare i eit hovudprosjekt med sikte på gjennomføring av dei tilrådingane som står i forprosjektet sin rapport om etablering av et Strategi- og bestillerråd og eit selskap (IKS) som skal stå for drift av felles IKT-tenester.
2. Kommunen godkjenner at det snarast vert etablert eit Strategi- og bestillerråd (SBR) etter Regionsrådet sine vedtekter §3c. SBR skal ha som formål å utforma og tilrå ein regional IKT-strategi for Bergensregionen, koordinera innkjøp av felles produkt og framforhandla

rammeavtalar m.m. på IKT-produkt som kommunane skal ta i bruk. SBR vil være kommunanes innkjøpssentral på dette området. SBR legg fram forslag til sitt mandat med meir for Regionrådet sitt styre. SBR står for utarbeiding av mal for servicenivåavtalar (SLA) mellom det interkommunale selskapet og den enkelte kommune. Kommunen vel administrasjonssjefen som kommunen sin representant til SBR.

3. Den førebelse forretningsplanen av oktober 2006 vert lagt til grunn for hovudprosjektet sitt arbeid med etablering av eit interkommunalt IKT-selskap (IKS). Sak om deltaking i det interkommunale IKT-selskapet, vil verta lagt fram for kommunestyret våren 2007.

0033/06

REGULERINGSPLAN FOR NAUSTTOMTER FOR BYGGJEFELT ROLVSVÅG

Framlegg til vedtak::

Reguleringsplan for nausttomter ved byggjefelt på Rolvsvåg vert etter plan- og bygningslova § 27-1 godkjent med følgjande tillegg i føresegnene:

§ 2 GJENNOMFØRING

- 2.1 Dei fire nausta skal oppførast etter same planteikningar. Det skal vera mellomrom på 1 meter mellom nausta. *Takutstikk skal ikkje overstige 0,5 meter. Altan og utkraving er ikkje tillate. Takutforming skal vera saltak med ein takvinkel på mellom 33 - 45 grader. Maksimum mønehøgde er 6 meter frå normal høgvasstand. Tillate bruksareal skal ikkje overstige 45 m².*

§ 3 BRUK

Naust skal ikkje innreiast til varig opphald

Det skal ikkje gjevast bruksendring frå naust til fritidsbustad/hyttenaust/rorbu.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Reguleringsplan for nausttomter ved byggjefelt på Rolvsvåg vert etter plan- og bygningslova § 27-1 godkjent med følgjande tillegg i føresegnene:

§ 2 GJENNOMFØRING

- 2.2 Dei fire nausta skal oppførast etter same planteikningar. Det skal vera mellomrom på 1 meter mellom nausta. *Takutstikk skal ikkje overstige 0,5 meter. Altan og utkraving er ikkje tillate. Takutforming skal vera saltak med ein takvinkel på mellom 33 - 45 grader. Maksimum mønehøgde er 6 meter frå normal høgvasstand. Tillate bruksareal skal ikkje overstige 45 m².*

§ 3 BRUK

Naust skal ikkje innreiast til varig opphald

Det skal ikkje gjevast bruksendring frå naust til fritidsbustad/hyttenaust/rorbu.

0034/06

DELEGASJON AV MYNDIGHET TIL BRANNSJEF.

Framlegg til vedtak:: Brannsjefen i Samnanger kommune får delegert maksimal fullmakt i samsvar med lov om vern mot brann eksplosjon og ulukker med farlege stoff og om brannvesenet sine redningsoppgåver av 14. juni 2002 nr. 20 med tilhøyrande forskrifter.

Handsaming i møte:

Framlegget vart korrigert i tråd med delegasjonsreglementet til kommunen og korrigerar teksten frå brannsjef til administrasjonssjef og har høve til å vidaredelegere.

Samrøytes vedteke.

Vedtak:

Administrasjonssjefen i Samnanger kommune får delegert maksimal fullmakt i samsvar med lov om vern mot brann eksplosjon og ulukker med farlege stoff og om brannvesenet sine redningsoppgåver av 14. juni 2002 nr. 20 med tilhøyrande forskrifter.